

indremisjons Venner

ORGAN FOR INDREMISJONSSAMSKIPNADEN
03 - 2024



Layout: Jan-Ove Fagerheim
 Trykk: Haugesund Bok og Offset A/S
 Red.: Marit H. Ådnanes
 Indremisjonssamskipnaden
 Postboks 150, 5401 STORD
 Tlf.: 53 41 07 04
 Bankgiro: 8220.02.80454
 Opningstider Indremisjonskontoret:
 Måndag – torsdag: 09.00 – 15.00
 Fredag: Stengt
 Heimeside: www.indremisjonen.no
 E-post: post@indremisjonen.no
www.facebook.com/Indremisjons-samskipnaden

IMS-styret

Bernt Arild Gjøvåg, leiar
 Oddvar M. Torget
 Petter Lid
 Hilde Karin Vedøy Eiken
 Eva Karin Schmidt
 Henriette S. Bjørnevik
 Tor Tveitane

Sven Tore Kulleseid, 1. vara
 Marianne Heggholmen Aarbø, 2. vara
 Jan Ole Høiby Hansen, 3. vara

Helgatun Fjellpensjonat A/S

5713 VOSSESTRAND
 Telefon: 56 51 98 98
 Bankgiro: 8220.02.80497
 Dagleg leiar: Jorunn F. Johannessen
 Heimeside: www.helgatun.no

Brandøy Misjons- og konferansesenter A/S

5584 BJOA
 Telefon: 53 76 98 81
 Bankgiro: 8220.02.80470
 Dagleg leiar: Andreas C. Våge
 Heimeside: www.brandoy.no

Framnes KVGS

5600 NORHEIMSUND
 Telefon: 56 55 05 00
 Bankgiro: 8220.02.80292
 Rektor: Harald Voster
 Heimeside: www.framnes.vgs.no

SunnBok

Postboks 23, 5401 Stord
 Telefon: 53 41 20 01
 Dagleg leiar: Silje Fyllingen
www.sunnbok.no

Framsida-foto:

Misjonsløp under IMS
 Sommarfest på Brandøy
 i juni. Endre Frafjord og
 dottera Ellinor satsar alt.

Vi vil bygga varme inkluderande fellesskap,
 vinna nye for Jesus, og gjera dei til hans disiplar.

Sant om trua - sant om livet

Leiar av
 Marit H. Ådnanes
 Dagleg leiar



Ein kan best erfare Guds kraft og makt gjennom nød og veikskap, hevdar Jens-Petter Jørgensen i boka «Sterk nok til å være svak». Den største hindringa for at Gud skal få gjennom sin gode vilje med oss menneske har alltid vore vår eigen dyktighet og styrke, seier han vidare. I oktober deltek Jens-Petter Jørgensen på Haustmøtehelga på Leirvik bedehus.

I sist nummer av IndremisjonsVenen kunne du lesa om «Små båter – berekraftige småfellesskap». Ein småbåt er eit levande fellesskap der ein høyrer til, får omsorg, fellesskap og lever disippellivet. Ein er ikkje saman heile tida, men møtest gjerne i heimen fleire gongar i veka. Ein deler det ein står i, og veks gjensidig i det. Nyleg var eg på samling for desse småbåtane. Båtane møttes i «havna», der ein fekk oppmuntra kvarandre, dela liv, historiar og be for kvarandre. Mon tru om ikkje mange fleire treng slike fellesskap rundt i våre bygder, ein måte der også nye lettare kan finna nokon å gå saman med, i liv og i tru.

Starta med behov, sår og interesser

I forsamlinga der Rick Warren, også kjent for boka «Målrettet liv», var pastor, la han vekt på at me må starta med folk sine behov, sår og interesser. Det var også der Meisteren sjølv starta. Sann og ekte kjærleik drar menneske til fellesskapet – og Gud.

Kva som er det «normale» er sjølv sagt eit spørsmål. Eg trur uansett at alle har sine ting ein tenkjer på, sukker over og ber over, ein har lengsler, og dagar som er gode og mindre gode. Det er tragisk når våre møtestader vert utforma på ein slik måte at me ikkje eigentleg møter kvarandre der me er i livet, seier Jørgensen. Me treng frimodig og bibelfundert forkynning om kven Gud er, Hans makt og kraft, samtidig som me treng miljø der ein får mot til å vedstå meir av seg sjølv.

«Glede og oppfølging i tenesta, nokon å gå saman med». Dette var mellom anna tema under sist styresamling, der lokale styre møtest for å samtala om aktuelle tema. Kor viktig er ikkje dette, for absolutt alle, hovudleiar som medlemmer? Alle treng å kjenna seg elska, av Gud og menneske. Kjenna seg som del av ein større (ånedeleg) familie. Versa i Kol. 2,2 oppsummerer på ein god måte målet for å vera saman, enten det er i småfellesskapet eller storfellesskapet: *Eg ønskjer at dei må få nytt mot i hjartet, bli knytte saman i kjærleik og nå fram til helle rikdomen av overtyding og innsikt, så dei kan fatta Guds mysterium, som er Kristus.*

584 born og unge var med IMS på leir i 2023!


Vil du vera med å støtta slik at vi kan gjera leiararbeidet vårt enno betre kjent?
 Bli fast gjevar til IMS sitt UNG-arbeid!

- * imf.no
- * Velg: gi gåve
- * Velg: støtt lokale IMF-prosjekter
- * Finn: Indremisjonssamskipnaden



Gi di gåve med
vipps
 Vipps-nummer: 102696

Rekneskapet pr. 31. juli viser eit driftsunderskot på kr 1.095.654,-. Året for var det eit underskot på kr 824.757,-.



Ynskjer du å bli fast gjevar?

Kontakt kontoret, tlf 53 41 07 04, eller finn skjema på www.indremisjonen.no

Elskar du meg?

Andakt av
Bjørg Marit Notland
Stord



På ei strand ved Genesaretsjøen sit det åtte menn rundt eit bål. Dei har ete fisk og brød. Noko av fisken hadde dei fiska sjølv. Første forsøk var ikkje så vellukka, men etter at ein mann på stranda bad dei kasta ut garnet på andre sida, fekk dei fisk, mykje fisk. Då skjønna dei at mannen på stranda var Jesus.

Eg innbiller meg at stemninga rundt bålet er god. Å få vera saman med Jesus, å få møta han igjen enno ein gong levande og midt i blant dei, må ha vore fantastisk. Kva dei snakkar om, veit me ikkje, men etter måltidet henvender Jesus seg til Peter:

- Simon Johannes' son, elsker du meg meir enn desse?

Eg ser for meg at praten mellom dei andre har stilna. Dei veit at Peter har hatt tøffe dagar etter han banna på at han ikkje kjende Jesus. Kanskje dei pustar letta ut når Peter svarer bekreftande.

Både dei og Peter stussar nok litt når Jesus spør same spørsmål enno ein gong, og ikkje minst når det skjer for tredje gong. Peter blir sorgfull, men svarer: **«Herre, du veit alt. Du veit at eg har deg kjær.»**

For kvart svar Jesus får, gir han Peter eit oppdrag:

Fø lamma mine! Gjet sauene mine!

Fø sauene mine!

Men kvifor kom spørsmåla om Peter sin kjærleik først?

Eg trur det handlar om at det ikkje skulle vera plikt som dreiv menneskefiskaren, heller ikkje hovmod eller nedbetaling av skuld. Nei, kjærleiken til hans Herre og Meister skulle vera drivkrafta.

Kva med deg og meg? Er det kjærleiken til Jesus som er vår drivkraft? Lat oss seia med Peter: «Herre, du veit alt». Jesus veit alt om våre nederleg, våre svik, våre fall og korleis det står til med vår kjærleik til han. Du får koma til han som ikkje avviser deg, som ikkje sluttar å elska deg, men som tilgir, tek deg inntil seg, tørkar tårene dine og får deg på beina igjen.

Alt startar nemleg ikkje hos deg og meg, men hos Gud: 1. Joh 4,10.

Navnet Jesus må jeg elske, det har satt min sjel i brann!

BØNE SPALTA

BE FOR:

- Haustleirane
- Ny dagleg leiging på Helgatun
- Pit Stop og Haustmøte
- Lederkonferansen på Straume
- 11 nye konfirmantar på ConTeenNew
- Lag- og forsamlingsleiarar i IMS

TAKK FOR:

- IMS Sommarfest
- Sommarleirane
- Alle elevar/studentar/lærarar på Framnes og Bildøy
- Lyngdal Bibelcamp
- At «Gud har elska oss og sendt Jesus»
- Rom 12: 9 – 15 «Elsk kvarandre med inderleg syskenkjærleik»

Send gjerne bøneemne til kontoret, så ber vi når vi har andakt i lunsjpausen vår. SMS 415 17 817 eller på mail post@indremisjonen.no

Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt og makta og æra i all æve. AMEN. (Matt 6. 9-13)

HAUSTMØTE

HOVUDTALAR:
JENS-PETTER JØRGENSEN — LEIRVIK BEDEHUS

25.-27. OKTOBER

Endeleg fredag kl 20.00

Tema: Sterk nok til å vera svak
Song av Kenneth Stenbråten og Jan Arild Rødder
Salatbuffet og focaccia
kaffi og is

Laurdag: Bibeltime kl 11.00 og 13.00

Tema: Når trua og livet set spor
Lovsong ved Svein Notland med team på begge samlingane.
Mellom bibeltimane vert det sal av graut.

Søndag kl 11.00

Tema: Relasjon med Jesus – korleis leva og veksa i den?
Lovsong ved Svein Notland med team
Samling for barna

Bønensamling laurdag og søndag kl 10.15





Helga 14.-16. juni gjekk tidenes andre IMS Sommarfest av stabelen! Vi er glade for at mange tok turen også i år! Helga vart fylt med flotte og varierte samlingar, og noko på programmet for alle aldersgrupper. Det vart også tid til kaffi og kake, eller litt legobygging.

Programmet for helga var innholdsrikt og kjekt. For dei minste var Viggo Klausen med og hadde møte. Han inspirerte og engasjerte både dei minste og dei vaksne, og dei midt mellom som droppa innom. Han fokuserte mellom anna på «truspuls», om korleis vi kan ta vare på trua. «Korleis ser truspulsen din ut?» Spurte Viggo. Mange forslag kom fram: synga bordvers, be kveldsbønner, høyra Bibelen på podcast. «Eg håpar at me møtest om 20 år, og at trua di er levande, ikkje berre så vidt levande», oppfordra Viggo. Viggo peika også på Jesus: Jesus veit, Jesus forstår, og han er hos dei som har det vanskeleg. Jesus ER sterkare enn døden. «Den som trur på meg skal aldri dø», seier Jesus i Joh. 11, 25. For eit flott håp!

Misjonstime om Annie Skau

Laurdag føremiddag hadde Viggo ein flott misjonstime med den inspirerende historia om Annie Skau, tidlegare Kina-misjonær. Ho la livet og tenesta si i Guds hender, og fekk oppleve mykje både tøft, vanskeleg, spennande og stort! Mange begynte å tru på Jesus i Kina og Hong Kong fordi Annie var villig til å reisa dit med Guds Ord.

Borna i alle aldrar kunne gjennom helga også boltra seg i store mengder duplo og lego, bli med på Misjonstivoli på lørdagen, og så var det

populært med slush, is og popcorn i kiosken!

Ungdommane reiste på bowling til Haugesund saman med Ung-tilsette frå IMS. Dei hadde ungdomssamlingar og aktivitetar på Brandøy og på Lundeneset VGS i Ølensvåg, og var elles med på bibeltimane i teltet på føremiddagane. Ungdomsopplegget var utvida frå i fjor, med stor suksess!

Vidar Mæland Bakke var med som talar på føremiddagsmøta i teltet, og deltok også med seminar laurdag ettermiddag. Laurdag føremiddag var tema «Himmel over livet - når himmelen skjuler seg bak skyene». Vidar delte personleg frå ungdomsåra, og då han møtte mørkret. Dette har han også skrive om i boka «Gi mine øyne lys». Også kristne slit med livet og psykisk helse. Ein skal ikkje bera Jesus på sine skuldre. Der og då - når mørkret er der - klarer ein ikkje tru åleine. Vidar haldt fram forteljinga frå Matt 14, om då Jesus gjekk på vatnet i uværet. Peter oppdagar at han ikkje kan halde seg oppe sjølv. Peter får gripa handa til Han som strekker seg mot han og drar han opp. Gud går ingen stad. Han er der alltid.

På søndagssamlinga var temaet «Himmel over livet - når eg ser din himmel». Vidar retta fokuset også nå mot vår allmechtige Gud, og hans stordom. Mykje flott og viktig vart sagt. Vidar oppfordra oss til å snakka sant om trua: «Eg blir bekymra visst ungdommar som skal gjerast til disiplar får vita at dei får eit lukkeleg liv som kristne. Eg ser ikkje alltid mening. Det er godt at ikkje all makt er gitt oss. Det er Jesus som har befalt.

- Og Han er med oss alle dagar», sa Vidar.

Helga bar også med seg mange varierte og flotte samlingar i møteteltet, maaange liter kaffi, fine samtalar, nokre heftige vindkast, godt fellesskap, nye ansikt, påfyll for sommaren og kvardagen. Nokon var heldige og stakk av med gevinstar i Brandøy-lotteriet, andre må heller satsa på å kjøpa fleire lodd neste gong! Vi på Brandøy er takksame for flott resultat på over 170 000 kr på lotteriet!

Nytt av året var programposten Misjonsløp!

Mange engasjerte seg, og det var både underhaldande og inntektsgivande! Sjølve løpet vart halde til inntekt for IMS sitt viktige leirarbeid. Det var rett og slett litt spennande i forkant: Ville løpet engasjera? Ville det komma inn meir enn kr 10 000? Håpet om kr 70 000 var kanskje heilt uoppnåeleg? Men neida: heile kr 113 000 kom inn! Super innsats av store og små! Eit høgdepunkt under sjølve løpet var sjølv sagt også alle dei flotte kostymane: Olav Eikemo vann premie for beste kostyme blant dei vaksne. Han stilte med ski og eigen smørar, og lekker lue! Men her var blant anna også ein god gjeng (menn) som stilte opp i dei lekke kjolane Marit Andresen Røen hadde samla og tatt med etter eit langt liv i misjonsteneste. Så heilt enkelt var det kanskje ikkje å kåra kostymevinnar? På misjonsløpet for barn deltok også ein flott, sporty gjeng! Marius Frafjord stilte som Chase frå Paw Patrol, og fekk også premie for beste kostyme i barneklassen. Takk for super innsats til alle som deltok på misjonsløp, og



Barna klare for Misjonsløp til inntekt for IMS.

bidrog til å gi IMS sitt viktige leirarbeid ei flott håndsrekning!

Varm takk til Marit

På møtet søndag føremiddag vart det sagt eit hjarteleg og varmt TAKK til Marit Andresen Røen for heile 50 år som tilsett i IMS! Ho vart mellom anna overrekk eit flott Jesus-bilete frå Norbygda bedehus, det første bedehuset ho vart knytt til då ho kom til Vestlandet. Bedehuset er no selt. Men biletet er eit kjærkomme minne, og viser Han som Marit har fått peika på for så mange gjennom heile si teneste i misjonen! Marit sin mann, Knut Inge Røen, avrunda på mektig vis møtet og helga med songen «The King is Coming» - og vi fekk løfta blikket og tankane og bli minna om at Kongen - Jesus - kjem! Ei sterk avslutning på ei helg med «Himmelen over livet» som tema.

Velkommen til Sommarfest 20.-22. juni 2025

Sjølv om vi no har notert nokre glimt frå helga, er det SÅ mykje vi gjerne kunne ha trekt fram frå både talar, song og musikk, andre bidragsytarar og anna program. Men vi seier heller hjarteleg velkommen til IMS Sommarfest 2025, 20.-22. juni på Brandøy! Det er heller ikkje mogleg å få takka alle godt nok. Men HJARTELEG TAKK for alle bidrag både i planleggingsfasen, gjennomføringa, og ryddearbeidet. Den flotte og store innsatsen frå frivillige er både inspirerande, nødvendig og flott!

Annbjerg Naterstad Våge



Lovsongsteamet, f.v.: Elisabeth Stople Gregersen, Sunniva Tveit Gregersen, Ingfrid Byrkja Hystad og Jan Åge Brekke. (Foto: Kjetil Fyllingen)



Grillbuffet fredag kveld.



Vidar Mæland Bakke. (Foto: Kjetil Fyllingen)



Viggo Klausen og «Alle-saman-møte». (Foto: Kjetil Fyllingen)



Marit A. Røen vart takka for 50 år i teneste.

(Foto: Kjetil Fyllingen)

4 KJAPPE MED 5 PÅ UL

UL er ein årleg, kristen ungdomsfestival for dei frå 15 år og oppover, i år i Siddishallen i Stavanger. UL vert arrangert av ImF Ung og Misjonssambandet Ung, vanlegvis ei veke i slutten av juli, og samlar 1500-2000 ungdommar. IMS har sjølvsagt vore innom UL og me tenkte me ville slå av ein liten drøs med nokre IMS-fjes. Du skal få lesa litt av det me snakka om her i «4 kjappe med 5 på UL».

SPØRSMÅL:

1. Kor mange gonger har du vore på UL?
2. Kvifor er du på UL?
3. Kva har vore best på UL 2024?
4. Kvifor bør folk reise på UL 2025?



Ragnhild Digernes, 19 år frå Stord:

1. Dette er fyrste gongen.
2. Eg blei dregen med av kjærasten min.
3. Vanskeleg å nemna berre ein ting. Fellesskap og innhaldet på møta har vore veldig bra. Utroleg godt bibelfokus. Så likar eg at det ikkje er ein «hoppefestival», altså at hovudfokuset er på Jesus og ikkje på lys, lyd og show.
4. UL passar for alle, om du er introvert eller ekstrovert. UL blir litt det du gjer det til sjølv. Det kan vera masse seminar og andeleg innhald eller masse leir, aktivitetar og sosialt eller noko midt mellom. Eg angar ikkje på at eg blei med og skal definitivt tilbake i 2025.



Sindre Aarbø, 27 år frå Fitjar, bur no i Sandnes:

1. Eg meiner på at dette er 11. gongen eg er på UL.
2. Oi, ja.. Det er gøy med festival og treffa gamle kjende igjen. Det at det er mange kristne ungdommar samla på ein stad, og fellesskapet ein får i lovsongen er også utruleg flott.
3. Det må ha vore seminaret om teltmakerliv med nokre som arbeider som det i utlandet.
4. UL er veldig bra! Du kjem ikkje til å angra.



Svein Olav Fagerheim, 20 år frå Utaker:

1. Eg har vore to gonger før så det blir tredje i år.
2. Bra påfyll med gode møter, seminar og lovsong. Så treff eg også att mange gamle venner og nye folk.
3. Lovsongskonserten med Neteland.
4. Fordi det er bra! Eg har gått 2 år på Tomb vgs. og eitt år på Lundeneset vgs. Så har eg vore mykje på leir på Brandøy og andre stader. Då treff du mykje folk du kjenner.



Johannes Espevik, 30 år frå Bømlo:

1. 6 gonger.
2. Eg treff att mange kjente fjes og opplever eit utruleg godt fellesskap på UL. Det er veldig Jesus-fokus i møta og seminara, det er veldig bra.
3. Ein samtale med eit nytt fjes som ikkje trudde på Jesus. Stilig at ein kan få så djupe samtalar med menneske ein ikkje kjenner frå før. Lett på UL å få sånne samtalar der- som du vågar å stille dei rette spørsmåla.
4. For dei av oss som begynner å dra litt på ungdomsåra så er UL+ ein kanonbra satsning. Det er ikkje sikkert eg hadde komme uten. Veldig bra med ein egen arena for dei over 22 år med målretta innhald for oss i tillegg til alt det andre UL har å by på.



Hanna Lovise Vestbøstad, 17 år frå Fitjar:

1. Dette er andre gongen min på UL.
2. Det er fleire grunnar til det. Her er det godt kristent fellesskap, du får møta andre som trur, det er mange bra aktivitetar, det er gøy og veldig sosialt.
3. Det var veldig mykje bra. Mange fine møter og seminar, men eg vil seie at surfinga var eit av høgdepunkta også.
4. Du bør reisa på UL visst du søker eit møte med Jesus, men og visst du berre treng påfyll. UL er verkeleg ein festival som forandrar.

LYNGDAL BIBELCAMP 2024

Å reise til Lyngdal Bibelcamp på sommaren er eit høgdepunkt for mange. Det er opplegg for både store og små. Det var laga til Kidz-camp, ungdomscamp og bibeltimar og møte for dei vaksne. Det var fleire tusen menneske innom «campen» i løpet av dei fire vekene det varte i år. Familien Hatlevik Weltzien som består av Karianne (29), Andreas (29), Selma (5) og Alfred (2), reiste ned i veke 30. Karianne og Andreas var med i leiarteamet på ungdomscampen og hadde ansvar for lovsongsteamet. Karianne har delt litt om opplevinga:

Kvifor ville de ha ansvaret for lovsongsteamet?

Det er ein fin mulighet til å ta med nokre av dei kjekke ungdommane me har i menigheten ned til Bibelcampen, samtidig som me som familie syns det er kjekt å både vera og tjena på campen.

Korleis er det å vera på campen som ein familie?

Det er heilt nydelig! Her trives heile familien, og ekstra stas er det når femåringen trekker fram dette som høgdepunktet år etter år. Og ikkje minst sjå korleis trua hennar veks medan me er der.

Kva var høgdepunktet?

Høgdepunktet i år var å få lov å henge med ungdommane, det trur eg at eg seier på vegne av alle fire.

Kvifor vil du anbefale andre å reise på campen?

Fordi det er skikkeleg fint å få åndelig påfyll til heile familien. Og så er det chill for ein småbarnsfamilie å vera på ein så trygg og fin plass med mykje som skjer og mange å henge sammen med både for store og små.



Ny leir på Brandøy:

Julejunior

4 -9 år med fylgje

8.-10. november

Påmelding: Indremisjonen.no



Barne- og ungdomssidene



Eirik Stensland - Lise Marie Th

Leirar framover

Brandøy: Helgatun:

JuleJunior

4-9 år med fylgje
8.-10. november
Pris: 900,- for barn
1700,- for vaksne
Makspris:
4000,- per familie

Førjulshelg

4-9 år med fylgje
15.-17. november
Pris: 900,- for barn
1700,- for vaksne
Makspris:
4000,- per familie

Miniadventshelg

2.-4. klasse
15.-17. november
Pris: 960,-

Førjulshelg

5.-7. klasse
29. nov.-1. des
Pris: 960,-

Ten-helg

8.-10. klasse
22.-24. november
Pris: 1200,-

Ungdomshelg

8. klasse+
29. nov.-1. des
Pris: 1200,-

Adventshelg

5.-7. klasse
29. nov.-1. des
Pris: 960,-



Meir info finn du på nettsida vår under fana «Arrangement» og deretter «Leirar». Her kan du melde deg på leir og lese meir om kva ein leir inneheld.

www.indremisjonen.no
post@indremisjonen.no
tlf 53 41 07 04



UNGS

QR-hjørne

«The Chosen»

TV-serien «The Chosen» held høg kvalitet, den tek Bibelen på alvor OG den er gratis. The Chosen gjengjev evangelia si beretning om Jesus på ein måte som, mellom anna, gjer historia levande og gjev deg nokre perspektiv du kanskje ikkje hadde tenkt på før. Skannar du koden med mobilkamera ditt så kjem du inn på serien si eiga nettside, der kan du sjå alt – heilt gratis. Du finn også «The Chosen» som eigen app på smarttelefonen din, du kan søka han opp på YouTube eller du kan strømma han gjennom eit abonnement på Netflix. OBS! The Chosen er opptekne av å fortelja eit sant bilde og inneheld sterke skildringar og bilder. Den har aldersgrense 13 år.





Litlabø - Linda Aase

Mitt bibelvers!

Jesus seier:
«Som Far har elska meg,
har eg elska dykk.
Ver i min kjærleik!»

Johannes 15,9

Sara Marie Aga, 15 år
Bømlo



Sommarminileir (2.-4. klasse) på Brandøy

28 deltakarar reiste til Brandøy på Sommarminileir i juni. Me var heldige som fekk opphaldsvær akkurat dei gongane me skulle vera ute. Sporleik og bading blei gjennomført med stor glede. Sara Brosvik hadde bibel-timane og snakka om den treeinige Gud.

Sjølv om leiren ikkje var fullteikna hadde me det utruleg kjekt me som var der. Deltakarane var kreative og gira på leirfesten, noko som gjorde at me måtte setta ein strek for innslag, for me måtte også tenke på at me skulle få tid til å sova. Det var fleire barn som reiste på leir for fyrste gong, men det var vanskeleg å sjå.



Gåvekort på leir

Visste du at du kan kjøpa gåvekort på leir på Brandøy eller Helgatun? Eit gåvekort er ein flott måte å gje vekk ei oppleving med mening. Leir er sjølvsagt ei topp sosialt oppleving med mykje aktivitet, men viktigast av alt, du får vera med å gje vidare evangeliet om Jesus. Det må vel vera eit ganske topp julegåvetips. Du vel beløp, me sendar deg gåvekortet i retur, saman med faktura

Ta gjerne kontakt på e-post: post@indremisjonen.no eller på telefon 53 41 07 04.

IMS-huset ligg ute for sal

Eit einstemmig årsmøte vedtok 20. april at IMS-huset kunne leggjast ut for sal. 27. august vart huset lagt ut på finn.no med prisantydning på kr 7,5 millionar.

IMS-huset er eit ærverdig bygg, det største trebygget og nest eldste bygget i Leirvik sentrum, opprinneleg reist i flott sveitserstil. For den som ser moglegheitene har det flott plassering og stort potensiale.

Gjennom arbeidet med ImF-prosessen vart det meir tydeleg for oss at me meir aktivt ynskjer å starta prosess for å få seld huset. «Meir misjon» er eit av måla med prosessen, og det å eiga eit så stort hus bind oss opp med

ressursar og kapital. Det ligg utanfor kjerneverksemda vår, og me ynskjer å nytta meir tid til misjon. Store delar av huset står i dag ubrukt, utan at me har nødvendig kapital til å rusta det opp. Nødvendig vedlikehald krev også sitt.

Me er i dialog med SunnBok på alternative lokale, der me gjerne samlokaliserer oss om me finn det tenleg. Me vil likevel ikkje inngå ny avtale før IMS-huset er seld.

Fleire har vist interesse for huset. Ver gjerne med og be om at salet skal lukkast, og om tenlege nye lokale for IMS og SunnBok.



Foto: Øyvind Eikre, Meglerhuset Rele

Ny dagleg leiing Helgatun

Jorunn og Aksel Ingvard Johannessen ynskjer frå nyttår av å starta pensjonistlivet. Me søkjer difor ny dagleg leiing til Helgatun.

John Morten og Ingebjørg Espevik har også sagt opp stillingane sine frå sommaren av, etter tre år i team saman med ekteparet Johannessen. Kokken Roman Jacuk og kona Joanna fortset i sine stillingar, og tar hovudansvar for Helgatun når Jorunn og Aksel Ingvard har fri. Veronika Jurova er tilsett som reinhaldar, no også saman med søstera Kamila Jurova.

Helgatun er i oppdrift, og framstår oppgradert og fin. Dagleg leiar av Helgatun har ansvar for drifta saman med styret, tilsette og frivillige i ein allsidig kvardag med varierte oppgåver. Framvekst av Helgatunlia med sine 72 leilegheiter gir også store moglegheiter.

Er du ein person som ynskjer å gi menneske «ekte livsglede i eit varmt og inkluderande miljø», er dette gjerne stillinga for deg. Me søkjer dagleg leiar i 100 % fast stilling. Oppstart etter avtale. Me er i prosess der me søkjer leiar/team, og staben vil ytterlegare bli utvida med drifts-/administrasjonsleiar.

NY DAGLEG LEIAR!

Ønskjer du ei meningsfull leiarutfordring på vårt kristne fjellpensjonat, vakkert lokalisert i Myrkdalen?

Sjå her for meir info omkring stillinga: <https://stilling.dagen.no/stillinger/helgatun-fjellpensjonat---dagleg-leiar> --- eller bruk QR-koden.



Helgatun



Endring i tilsetjing, IMS og lokalt



Solveig Hosøy til Øystese

Frå 1. august er Solveig Hosøy tilsett i 30 % stilling som Forsamlingsarbeidar i Øystese Indremisjon (ØIM). Ho overtek jobben til Vidar Sangolt som har auka stillinga si i administrasjonen i Kvam kulturskule. Vidar held fram med ungdomskoret.

Solveig Hosøy er 36 år og kjem frå Arna. Ho har lang erfaring med forsamlingsarbeid og er eit kjent ansikt i Indremisjonsforbundet (ImF). Kvar sommar er ho leirsjef ved Lyngdal bibelcamp og ho har sju år bak seg som tilsett ved Helgeland folkehøyskole i Nordland. Solveig skal også vera tilsett som lærar ved Norheimsund Friskule, samt som arrangementsansvarleg i Nordhordland Indremisjon. Arbeidet til Solveig vil blant anna bestå i å koordinera og utvikla forsamlingsarbeidet. Me ynskjer Solveig velkommen, og Guds signing i tenesta.



Sluttar som Forsamlingsleiar

Ingvild Løklingsholm, som har vore tilsett i ImF Stord i seks år, har sagt opp si stilling. I mail til forsamlinga takkar ho for fine år i forsamlinga. Midt i at det har vore krevande å leia gjennom endring, nysatsing og pandemi, har ho lært mykje om seg sjølv, teamarbeid, leing og ikkje minst erfart at bøn nyttar.

– Det aller finaste med jobben er menneskemøta, alle som har tatt modige og nye steg i livet med Jesus og menneske som har tatt imot Jesus som sin Frelsar og Herre, skriv ho. Ingenting er større enn det.

Framover vil ho fortsetja i litt auka stilling i Kristen Media Norge, i tillegg til å ta forkynnaroppdrag og drive konsulentverksemd.

Me i IMS takkar for godt samarbeid og ynskjer Guds velsigning over kvardag og liv.

Også styret i ImF Stord takkar for innsatsen Ingvild har lagt ned desse åra. I info-mail pr 30. august melder styret at ungdomsarbeidar Hilde Kristin Teigland får auka si stilling til 50 % fram til eventuelt fleire er tilsett i forsamlinga. Etter forslag frå forsamlinga går også styreleiar Kjetil Fyllingen inn i rolla som “arbeidande styreleiar”.



Endring i IMS Ung-team

Ung-avdelinga i IMS består i dag av Linda Aase og Eirik Stensland i Ungleiar-team, og barne- og familiearbeidar Lise Marie Thuestad Litlabø. Det siste året har også Kristine Særsten vore i Ung-teamet. Då ho vart presentert i IndremisjonsVenen nr 3 2023, stod det følgjande: «I utgangspunktet har Kristine sjølv tenkt at ho er i stillinga for eitt år, samtidig som både ho og me i IMS er opne for Guds veg vidare.» Kristine valde å seia opp stillinga si f.o.m. 1. august for å starta studier i Bergen.

Kristine kom til oss som eit friskt pust. Ho starta «Bibellesing i januar», som vart til «Bibellesing i februar», og også i påska. Kristine har jobba mest inn mot ungdom, spesielt Nattcaféen på Husnes, men også barn og leir. Konferansar og styresamlingar har ho og vore med på. Me har hatt fokus på å arbeida utrustande, som er ein av IMS sine verdiar. Kristine har blitt lært opp til å vera leirsjef, og ho er positiv til å bli spurt om deltaking på leir, arrangement og møte. Me er takknemlege for året me fekk saman, og ynskjer Guds velsigning vidare i livet.

Yngste deltakar på leir?

Anny Hamre var påmeldt på Familieleir lenge før ho var fødd. Då Familieleiren starta 28. juni var ho enno ikkje fødd. Ho vart fødd seinare på kvelden same dag. Søndag føremiddag var mora Lene på plass på Brandøy med Anny, under to dagar gammal. Ektemannen Karsten reiste i forkant til Brandøy saman med dei andre barna og venner av barna. – Svigermor trør til under fødslane seier Karsten. Både fordi dei andre barna skal passast, men også fordi eg ikkje er så glad i blod. Frå før har ekteparet barna Alfred (4), Rasmus (6), Markus (16), Emil (17) og Ida (18).

Familien Hamre bur i Hauge i Dalane, og har vore på Familieleir på Brandøy i 13-14 år. – Her er ein god arena for barna å få med bodskapen om Jesus, seier dei. Brandøy har betydd mykje for våre barn, og også mykje for meg i oppveksten, seier Karsten. Han er barnebarnet til Anna og Alfred Hamre, og var her mykje på leir i oppveksten. – Me gler oss alltid, og snakkar om Familieleir lenge før me reiser opp til Brandøy. Og eldstebarnet Ida har tatt ferie for å vera med.



Storesøster Ida saman med Anny og foreldra Lene og Karsten Hamre.

LEDERKONFERANSE

Straume Forum, Sotra

1-3
november
2024

« at de
må bli
frelst

NETTVERK

1. BARNE- OG UNGDOMSLEDERE
2. FORSAMLING
3. TROSFORSVAR
4. SAMTALE OG VEILEDNING
5. ISRAEL
6. UNGE LEDERE
7. BØNN
8. HYRDE- OG ELDSTETJENESTE
9. GODHET

Hovedtalere



JOHAN HALSNE - RUNAR LANDRO - MARIT ANDERSEN - INGA BIRGITTE S KNUITSEN - DANIEL SÆBJØRNSEN - THOR HAAVIK

Info og påmelding: leder-konferanse.no

Mi trushistorie

Av Reidun Teistedal Dyrøy

Mange hugsar nok med glede revyen «Glimt i auga og gløtt av himmel», som blei sett opp som ein del av IMS sitt 150-års jubileum i 2014. Saman med «Ryfylke livsgnist» frå Finnøy sette lokale frivillige og tilsette i IMS saman eit heidundrande show. Ti år etter treff eg Silje Vignes Flesjå frå «Ryfylke Livsgnist» igjen. Ho er på sommarstemnet «Sommer i Sør» på Bibelskulen i Grimstad. Med utsikt over mild sørlandsnatur får me ein prat om trua og livet.

Tok eit aktivt val

- Eg vaks opp i ein kristen familie på Finnøy, fortel Silje. Året før eg begynte på ungdomsskolen var det ei møteveke i bygda. Det var vekkelse med møte kveld etter kveld i vekevis. Eg kjente at Gud var der. Eg blei berørt og tok eit aktivt val: - Eg ville framleis følgja Jesus. Til tider har eg tenkt at det er litt kjedeleg at eg ikkje har hatt eit heilt spektakulært vendepunkt i trua. No ser eg annleis på det: - Tenk for ei velsigning det er å ha foreldre som ønsker å gi trua på Jesus vidare til deg! Det er eg så takksam for. No ønsker eg å gi trua vidare til ungdommane mine. Både eg og borna mine har fått vera med på søndagskule i barndommen og seinare ungdomslag på Finnøy.

Eigen fanklubb for ungdomslaget

Etter vidaregåande flytta Silje til Kristiansand for å ta førskuleutdanning der. Etter tre år med studier kjente Silje at ho ville tilbake til Finnøy. - Eg ønska å komma heim for å bidra i Ungdomslaget som hadde betydd så mykje for meg. Ettersom åra har gått har heile familien vore engasjert der. - No er eg leiar i «fanklubben» til Finnøy kristne ungdomslag. Ungdomslaget er ikkje knytt til nokon spesiell organisasjon. Dei har eige styre, og til og med sitt eige hus. Me i fanklubben er med og hjelper ungdommane med å organisera tilstellingar som til dømes nyttårsfeiring.

Alphakurs i mange år

Slik me opplever det, er det kristne arbeidet på Finnøy prega av samarbeid. Me er ikkje fleire folk enn at me treng kvarandre. Heilt sidan 1999 har det vore drive Alpha-kurs. Alphakursa har inspirert til ønske om fellesskap. Dette førte til at me starta «Søndagsåpent». Dei søndagane det ikkje er gudsteneste i kyrkja står dei ulike organisasjonane saman om å halda møte og det går på rundgang kven som har talarar.

Spanande jobbtilbod

Silje har tidlegare jobba som dagleg leiar i ein barnehage i 13 år og treivst godt. Så ein dag fekk eg eit spanande tilbod om å vera med i

«Ryfylke Livsgnist». Ryfylke Livsgnist er mest kjent for «Vandring i bedehusland», ein revy rundt i dei ulike bedehusa i bygda. - Me har utruleg mange bedehus på «litle» Finnøy, ler Silje. Det var mykje lått og løye i dette arbeidet, men i botnen ligg det stor respekt og kjærleik for bedehuskulturen. Vandring i bedehusland var nok mykje av grunnen til at me blei kontakta av IMS for å ta del i utforminga av deira revy.



Fint å kombinera tru og arbeid gjennom IMS-revy

I samarbeidet med IMS opplevde eg for første gong å kunna knyta tru og arbeid i lag. Det var ikkje lenger forbode å forkynna. For meg var det ei enormt fin oppleving. Eg kjenner framleis på stor takksemd for alle menneskemøta. Noko av det første eg gjorde var å reisa inn til Odda for å samla inn stoff til revyen. Der fekk eg bli kjent med Liv Rølsnes og Marit Andresen Røen. Det var eit sterkt møte som slutta med bønn. Me har hatt kontakt ved fleire høve og framleis snappar Marit og eg.

Nåden som ber

Sidan har det vore fleire spel som har betydd mykje for meg. I «Luther med latter» fekk eg stå på scenen

og spela om nåden. Luther sitt fokus på nåden gjorde noko med meg. Tankane mine går stadig til verset i Efesarane 2. 8-9; «For av nåde er de frelste ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve.» Nåden ber alt! Det har vore fantastisk å vera med på å fortelja historiar og samstundes få peika på Jesus. For meg var «Glimt i auga og gløtt av himmel» starten på dette.

Kreativ formidlar

For tida jobbar Silje på universitetet i Stavanger og gjer berre gjesteopptredningar i «Ryfylke Livsgnist». Når eg treff på ho i Grimstad er det likevel på scenen eg først får auga på ho. Der er ho primus motor for forkynninga på familiemøta. Bibelforteljingar blir formidla med sprø påfunn, som heilt klart vil bli hugsa av både store og små. Dette kan ho; Fortelja fortellingar på ein måte som opnar latterdøra - og samtidig formidlar evangeliet om Jesus.

Viktig fellesskap

- godt å reisa saman

- Å reisa på sommarstemne med familien har vore veldig viktig for oss. Det er godt for både oss vaksne, ungar og ungdommar å erfara at me som trur på Jesus er ein del av eit stort fellesskap i heile landet. Det å komma saman, få åndeleg føde, lære nye songar og få nye idear, er med på å gi inspirasjon til arbeidet heime.

Eg har eit bibelvers som eg stadig kjem tilbake til for oppmuntring og trøyst. Det er frå Filipparane 4, 6-7: «Gled dykk alltid i Herren! Enda ein gong vil eg seia: Gled dykk! Lat alle menneske få kjenna kor godhjarta de er. Herren er nær. Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing.»

Ja, det er verkeleg eit bibelvers som gir både glimt i auga og gløtt av himmel!

Helsing frå



Helgatun



Siste året har Helgatun gått gjennom ei omfattande oppgradering inne og ute. Siste etappe i oppgraderinga vert fullført i desse dagar. Etter at snøen forsvant, starta arbeidet med isolering av heile bygget. Grunnmuren har fått ny isolasjon under og over bakkenivå. Ny isolasjon og ny kledning, nye terrassar med nytt rekkverk, nye utelampar m.m. Grunnmuren har og fått ny puss og maling, så bygget ser fint ut.

I sommar har me drifta 16 av dei nye husvera i Helgatunlia, pluss ein god del booking-gjester på Helgatun. Sommargjestene er for det meste utlendingar, og dei er svært nøgde og takksame folk, noko som gjev energi og arbeidsglede for oss som jobbar her. I juli hadde me ca 1500 gjestedøger, så det er nok å hengja fingrane i. All ære og takk til medarbeidarane våre som står på tidleg og seint. God hjelp er det og at me har fått dugnadsfolk med oss, kjekt at nokon har lyst og anledning. Tusen takk til dei som har vore med oss til no.

I august hadde me det årlege Sunnhordalandstreffet med fullt hus. I skrivande stund er det NMS som har si årlege samling. Av eigne arrangement framover er det Damehelg 13.-15. september, Friluftshelg 19.-22. september.

2.-3. november planlegg me Helgatunhelg. Det vert bars laurdagen og føremiddagsmøte sundagen. Alle som bookar rom frå fredag til søndag får ein god pris med full pensjon heile helga: kr 1900,- pr person. Me vonar mange vil koma å vera saman med oss denne helga. Ta kontakt med oss på Helgatun.

Takk for forbøn.

Helsing oss på Helgatun

kokken Roman Jacuk i aksjon



Kokken Roman Jacuk i aksjon.

Sunnhordalandstreffet



Reiseruta september, oktober og november

Veke 38	<p>16. sept Kåre Johan Hamre, Granvin Minikonfirmantar</p> <p>18. sept Lise Marie Th. Litlabø, Brandøybasar på Leirvik</p> <p>20. sept Linda Aase, Stikk Innom Jondal</p> <p>22. sept Kåre Johan Hamre, Voss Eirik Stensland, Håvik Kenneth Foss, Øystese Roald Evensen, Tysnes</p>
----------------	--

Veke 39	<p>24. sept Lise Marie Th. Litlabø, Hobbyklubben og Ti-To, Valen Marit Hårklau Ådnanes, Halsnøy</p> <p>25. sept Marit Hårklau Ådnanes, Bømlo Kåre Johan Hamre, Gravdal</p> <p>25.-27. sept Aud Karin K. Ringvoll, Fitjar</p> <p>26. sept Lise Marie Th. Litlabø, Torsdagsope Sagvåg</p> <p>26.-29. sept Kåre Johan Hamre, Odda og Vines</p> <p>27.-29. sept Linda Aase, ForsamlingsWeekend Samnanger</p> <p>28. sept Aud Karin K. Ringvoll, ImF Stord</p> <p>29. sept Lise Marie Th. Litlabø, Øvrebygda Toralf Steinsland, Laurhammer Aud Karin K. Ringvoll, ImF Stord Aud Karin K. Ringvoll, Fitjar</p>
----------------	---

Veke 40	<p>30. sept Kåre Johan Hamre, Granvin Minikonfirmantar</p> <p>1. okt Lise Marie Th. Litlabø, MiniMax Bømlo Marit Hårklau Ådnanes, Styresamling Bømlo</p> <p>2. okt Eirik Stensland, ConTeenNew Lise Marie Th. Litlabø, Halsnøy Ving</p> <p>3. okt Kåre Johan Hamre, Stranda</p> <p>4. okt Kåre Johan Hamre, Fredagsklubben Leirvik</p> <p>5. okt Kåre Johan Hamre, ZoomIn Gilje</p> <p>6. okt Tor Espen Kristensen, Moster Kåre Johan Hamre, Gilje Kåre Johan Hamre, Fitjar</p>
----------------	--

Veke 41	<p>10. okt Kåre Johan Hamre, Granvin</p> <p>10.-12. okt Eirik Stensland, Pit Stop Leirvik Linda Aase, Pit Stop Leirvik</p> <p>13. okt Arne Lindekleiv, Skånevik Marit Hårklau Ådnanes, Gilje</p>
----------------	---

Veke 42	<p>14. okt Kåre Johan Hamre, Granvin Minikonfirmantar Lise Marie Th. Litlabø, Leirvik jr. Ving</p> <p>15. okt Lise Marie Th. Litlabø, Gilje Yngstes</p> <p>16. okt Linda Aase, Framnes Marit Hårklau Ådnanes, Framnes</p> <p>17. okt Marit Hårklau Ådnanes, Tørvikbygd Marit Andresen Røen, Huglo Lise Marie Th. Litlabø, Klubben Fitjar</p> <p>17.-20. okt Kåre Johan Hamre, Uskedalen</p> <p>18. okt Linda Aase, Stikk Innom Jondal Lise Marie Th. Litlabø, Prosjekt Finnås</p> <p>18.-19. okt Marit Hårklau Ådnanes, IMS-styremøte på Framnes</p> <p>19. okt Marit Andresen Røen, Skånevik Lise Marie Th. Litlabø, Basar Fitjar</p> <p>20. okt Ola Malvin Lomheim, Sagvåg Marit Andresen Røen, Os Marit Hårklau Ådnanes, Moster Håkon C. Hartvedt, Gilje</p>
----------------	---

Veke 43	<p>24. okt Klaus Muff, Sveio Kåre Johan Hamre, Frette</p> <p>25. okt Kåre Johan Hamre, Ebne</p> <p>25.-27. okt Jens Petter Jørgensen, Haustmøtehelg Stord</p> <p>26. okt Kåre Johan Hamre, Molnes Eirik Stensland, Aktiv Moster</p> <p>26.-27. okt Marit Andresen Røen, Varaldsøy</p> <p>27. okt Roald Evensen, ImF Fitjar</p>
----------------	--


Veke 44	<p>28. okt Kåre Johan Hamre, Granvin Minikonfirmantar Lise Marie Th. Litlabø, Norheimsund jr. Ving</p> <p>29. okt Lise Marie Th. Litlabø, Auklandshamn Yngres</p> <p>1.-3. nov Tilsette IMS, ImF Lederkonferanse</p> <p>3. nov Olav Eikemo, Gilje</p>
----------------	--

Veke 45	<p>6. nov Ingebrigt S. Sørffonn, Søre Neset</p> <p>7. nov Kåre Johan Hamre, Granvin Marit Hårklau Ådnanes, RG-treff Hardanger</p> <p>8.-10. nov Lise Marie Th. Litlabø, JuleJunior Brandøy Marius Økland, JuleJunior Brandøy Olav Eikemo, Skånevik</p> <p>10. nov Roald Evensen, Samnanger</p>
----------------	---

Veke 46	<p>11. nov Kåre Johan Hamre, Granvin Minikonformantar</p> <p>12. nov Marit Hårklau Ådnanes, RG-treff II Sunnhordland</p> <p>13. nov Håkon Garvo, Øvrebygda</p> <p>14. nov Ingebrigt S. Sørffonn, Huglo Håkon Garvo, Husnes</p> <p>14.-16. nov Kåre Johan Hamre, Tørvikbygd</p> <p>15. nov Håkon Garvo, Nattcafe Husnes Lise Marie Th. Litlabø, Fredagsklubben Leirvik</p> <p>15.-17. nov Linda Aase, Miniadventshelg Brandøy</p> <p>16. nov Lise Marie Th. Litlabø, Håvik</p> <p>17. nov Håkon Garvo, Halsnøy Håkon Garvo, Husnes Lise Marie Th. Litlabø, Uskedalen Marit Hårklau Ådnanes, Vågen Kåre Johan Hamre, Jondal Olav Eikemo, Sagvåg</p>
----------------	---

Veke 47	<p>20.-21. nov Kåre Johan Hamre, Guddalsdalen</p> <p>22. nov Kåre Johan Hamre, Bømlo Olav Eikemo, Guddalsdalen Lise Marie Th. Litlabø, Between Laurhammer</p> <p>22.-24. nov Eirik Stensland, Ten-Helg Brandøy</p> <p>23. nov Lise Marie Th. Litlabø, Tysnes Marit Hårklau Ådnanes, Bremnes Kjerstin H. Stokken, Bremnes</p> <p>24. nov Kåre Johan Hamre, Bømlo Olav Eikemo, Guddalsdalen Marit Hårklau Ådnanes, Norheimsund</p>
----------------	---

Med Guds ord til folket





NORGE P.P. PORTO BETALT

PÅ TAVLA

UNGDOMSMØTEHELGA
PIT STOP
10.-12. OKTOBER
LEIRVIK BEDEHUS
FACEBOOK.COM/PITSTOPLEIRVIK
INSTAGRAM: @PITSTOP.LEIRVIK

Helgatunhelg

1.-3. november 2024

Laurdag: 1200: Møte og basar
Sal av graut, betasuppe, kaker og kaffi
1900: Middag

Søndag: Møte kl 1100

Mat – Overnatting - Sal av heimebakt og handarbeid - Åresal og hovudtrekning

Overnatting fredag til søndag kr 1.900,- pr. person inkl. heilpensjon!
Påmelding for overnatting: helgatun@helgatun.no, tlf. 56 51 98 98

LEDERKONFERANSE

1.-3. november 2024

"at de må bli frelst"



SETT AV DATOEN
ALLEREIE NO...
Bli med på...

ims SOMMAR FEST

BRANDØY
20.-22. JUNI 2025
WWW.IMS-SOMMARFEST.NO



Ledige helger på Brandøy framover for forsamlingsweekend, bryllaupsfest osv.

- 7.-9. februar 2025
- 28. febr.-2. mars 2025
- 4.-6. april 2025
- 9.-11. mai 2025

Ta kontakt på post@brandoy.no ved interesse!